

Skoleutvalet ved Surnadal vgs

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår Saksbehandlar:	Dato:
		23/52254 -	Hilde Andersen -	18.10.2023
		23/11070		

Referat frå møte i skoleutvalet 17.10.23

Stad og tid: Surnadal vgs, tysdag 17.10.23 kl. 10:00 – 11.30.

Møtt:

Ingeborg Saltrø Polden - leiar elevråd, Magnus Sørebo - nestleiar elevråd
John Henry Otnes - foreldreutvalet
Silje Storsand Ustad - HR-sjef Pipelife, Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal
Erik Erland Halle - Utdanningsforbundet
Hilde Andersen - rektor

Agenda:

1. Skoleutvalet – rolle, mandat og konstituering
2. Om skolen
3. Elevparkering
4. Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande skole i Møre og Romsdal
5. Økonomi
6. Eventuelt

Skoleutvalet – roller og mandat

Vi gikk igjennom skoleutvalet sitt mandat og samansetning og konstituerte utvalet ved Surnadal vgs skoleåret 23-24:

Elevrepresentant: Ingeborg Saltrø Polden - leiar elevråd (vald for eitt år)
Elevrepresentant: Magnus Sørebo - nestleiar elevråd (vald for eitt år)
Foreldrerepresentant: John Henry Otnes (vald for eitt år)
Samfunnskontakt: Silje Storsand Ustad - HR-sjef Pipelife (vald for to år)
Samfunnskontakt: Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal (vald for to år)
Representant for tilsette: Erik Erland Halle - Utdanningsforbundet (vald for to år)
Representant for skoleeigar/fylkeskommunen: Hilde Andersen - rektor

Om skolen

Rektor presenterte skolen. Per dato er det 193 elevar, fordelt på dei 5 utdanningstilboda helse- og

oppvekstfag, elektro og datateknologi, teknologi- og industrifag, bygg- og anleggsteknikk og studiespesialisering. Det er 153 elevar frå Surnadal, 25 frå Rindal, 10 frå Heim og 5 frå Sunndal.

Elevar frå Trøndelagskommunane Rindal og Heim kan søkje seg til Surnadal vgs, dette er forankra i Trøndelagsavtalen. Trøndelagsavtalen er særskild viktig for elevane, men også for skolen. Avtalen sikrar at elevane i Trøndelag kan velje skole i Møre og Romsdal, som ofte for desse elevane er den naturlege bo- og arbeidsregionen. Elevane frå Rindal og Heim utgjer om lag 18% av elevtalet skoleåret 22-23.

Elevparkering

Elevrepresentantane Ingeborg og Magnus fremma ønske om unntak frå parkeringsreglementet for russebilane i perioden mellom 1. mai og 17. mai.

Til saka: Ordensreglementet med tilhøyrande parkeringsreglement regulerer parkeringa for elevane ved skolen. I følgje reglementet er det parkeringsplassen nede ved kyrkja som skal nyttast, og det skal ikkje køyrast bil på skoleområdet i skoletida (mellom kl. 08:05 og 14:40). Elevrådet ynskjer altså å få parkere oppe på mopedparkeringa unntaksvis i russetida. Hovudargumentet for unntaket er at dei ynskjer å ha oppsyn med bussane i skoletida. Skolane på området (SUBUS og Surnadal vgs) ynskjer å oppretthalde parkeringsreglementet også i russetida, først og fremst av sikkerheitsmessige orsakar, men også for å ikkje forstyrre undervisninga.

Alle partar ser problemstillinga og argumenta frå begge sider. Samfunnsrepresentant Mons Otnes foreslo å undersøkje om parkeringsplassen ved garasjen til kyrkja unntaksvis kan nyttast dei 11 dagane det er snakk om. Slik unngår ein støy og køyring på skoleområda, samtidig som russebilane står tryggare enn nede ved vegen. Det må gjerast avklaringar både med SUBUS og kyrkjekontoret. Rektor og elevrepresentant Magnus Børset Sørebo arbeider vidare med saka til neste møte.

Årsmelding

Rektor gjekk igjennom status for elevtal, fråvær, elevar som har slutta og fullført og bestått, samt resultat frå elevundersøkinga. Sjå vedlagte lysark.

Fylkesstrategi for kvalitet og for tilbod i vidaregåande skole i Møre og Romsdal

Rektor gjekk igjennom fylkesstrategiane for kvalitet i opplæringa og for tilbod i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Sjå lysark.

Fylkesstrategi for kvalitet i opplæringa er ein forpliktande strategi som handlar om innhaldet i opplæringa. Strategien er forankra i skolen sin årlege Oppdragsavtale med skoleeigar og sist konkretisert i skolen si handlingsplan.

Fylkesstrategi for tilbod syner skolen si utvikling i utdanningstilbod, klassetal og elevtalskapasitet dei kommande skoleåra. Skolen ligg inne med 5 utdanningstilbod, 13 klassar og 241 elevar. Strategien er årleg ute på høyring og behandlast i fylkestinget i desember.

Inneverande skoleår har skolen fylt 193 av 241 tilgjengelege plassar, og det er ledig kapasitet i dei fleste klassar. Prognosar for elevtalsutviklinga i regionen dei neste åra syner at elevtalet ikkje vil auke. Den ledige kapasiteten på elevplassar både inneverande år og dei neste skoleåra bekymrar skolen og utfordrar oss i å tenkje nytt.

Frå august -24 blir ny opplæringslov gjeldande. Ei viktig endring i lova for dei vidaregåande skolane er at alle som startar vidaregåande opplæring vil få fullføringsrett. Forskrifta tilhøyrande den nye lova er ikkje kome enda. Skolen er spent på om denne vil gje moglegheitsrom for å kunne auke elevtalet ved skolen.

Økonomi

Skolen sitt rekneskap per desember -22 synte eit underskot på 2,6 mill. Underskotet skuldast for store samla lønsutgifter samanlikna med tildelt ressurs (tildelt ressurs vert i hovudsak styrt av klassetal). Ved årsslutt vart skolen tildelt ekstramidlar og enda med eit underskot på 387 000,-, som skolen drog med seg inn i budsjettåret 2023..

Skolen sitt rammebudsjett for 2023 er på om lag 28 mill. I tillegg kjem noko ekstratildelingar knytt til mellom anna spesialundervisning og særskild språkopplæring.

For 2024 innførast det ny økonomimodell for dei vidaregåande skolane i fylket. Frå å i dag ha ein tildelingsmodell basert på klassetal, blir det no gjeldande ein modell basert på elev- og klassetal. Klasse- og elevsatsane som skal ligge til grunn for modellen blir vedteke i fylkestinget i desember. Vi er spente på korleis dette slår ut for vårt budsjett.

Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Rektor kallar inn til eit nytt møte i desember. Agenda: Drøfte skolen sitt moglegheitsrom med utgangspunkt i vedteke fylkesstrategi for tilbod og ny økonomimodell.

Med helsing

Hilde Andersen
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur